



Protokoll

**Programstyret for
Femårig integrert masterprogram i musikkterapi**

Til stades:

Medlemar:

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar
Lars Tuastad, programkoordinator/programstyrenestleiar
Claire Ghetti, intern fagrepresentant
Monika Overå, ekstern fagrepresentant

Meldt fråfall: Benjamin Ellingsen, studentrepresentant

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent

Tid: Fredag 15.11 2024, kl. 13:15-14:00

Møte: 5/2024

Stad: Microsoft Teams

Arkivnr: 2024/3091 (ePhorte)

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent, med sak til eventuelt.

II Protokoll frå tidlegare programstyremøte

Godkjent.

III Sakar:

MUTP 16/24 Programrevisjon

Oppfølging av MUTP 12-15/24. Programstyreleiar orienterer om at alle revisjonsforslag som vart vedtekne på førre programstyremøte er godkjende i Instituttrådet for Griegakademiet (IRGA) i møte den 17.10.24. Endringane trer i kraft frå og med hausten 2025.

MUTP 17/24 Treårig emneevalueringVedtak:

*Programstyret ynskjer å halde fram med å gjere årlege eigenevalueringar av emna.
Programstyret ynskjer å evaluere alle emne på INMUT etter UiBs mal for treårig emneevaluering i laupet av våren 2025 og hausten 2025.*

MUTP 18/24 UTFORSK-prosjekt: Resonating Rights

Orientering om tildeling av støtte til prosjekt. Programstyret må ta stilling til korleis kople prosjektet til studieprogrammet. Vert fulgt opp på neste møte.

MUTP 19/24 Møteplan våren 2025

I påvente av at datoane for IRGA til våren er fastsatt venter programstyret med møteplanen for våren. Fyrste møte etter jul vert 17.01.25

IV Referat og orienteringssaker

- a. Meldingar frå institutt – [IRGA 19.09.24](#)
- b. Meldingar frå Studieutvalget KMD – SU 04.09.24
- c. Meldingar frå fakultetet – [Fakultetsstyremøte 06.09.2024](#)
- d. Meldingar frå MUTP-fagutvalg og STUGA

V Eventuelt

Bergen, 15. november 2024

Kjetil Hjørnevik
Programstyreleiar

Hild C. Vang
Programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 17/24

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Sakstype: Vedtak

Møte: 5/24 – 15.11.2024

MUTP 17/24 Treårig emneevaluering

Bakgrunn

Etter endringer i UiB sitt kvalitetssystem, mai 2024, er det ikkje lenger eit krav om årlege emneevalueringar. Kravet om treårige emneevalueringar står framleis. Det er ikkje gjennomført treårige emneevalueringar på INMUT sidan 2021. Det er difor behov for å gjennomføre evalueringar på alle emne, og å utarbeide ein plan for evalueringa. Då programmet står midt oppi ein redesignprosess er det lite hensiktsmessig å setje opp ein plan som strekk seg langt fram i tid på noverande tidspunkt. Samstundes vil det være særskilt nyttig for redesign-prosessen å ha tilgang til nyare emneevalueringar.

Til saka

Programstyreleiar foreslår å halde på dei årlege eigenevalueringane av emna. Dette gjev eit godt grunnlag for dei treårige evalueringane, og er gode verkty i overlevering av emneansvar. Med hyppig utskifting av emneansvarlege vil dette bidra til kontinuitet.

Programstyreleiar foreslår å gjennomføre evalueringar av alle emne på programmet, etter UiB sin mal for treårige emneevalueringar, i laupet av 2025.

Forslag til vedtak

Programstyret ynskjer å halde fram med å gjere årlege eigenevalueringar av emna. Programstyret ynskjer å evaluere alle emne på INMUT etter UiBs mal for treårig emneevaluering i laupet av våren 2025 og hausten 2025.

Vedlegg/lenker:

[UiBs kvalitetssystem for utdanning](#)

[UiBs ressurside for evaluering av studiekvalitet](#)